



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
22.08.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/961 733.1  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Oversending oppsummering frå kartlegging av helsestasjonstenester 2014

I 2013 blei det etter oppdrag frå Statens helsetilsyn gjort eit landsomfattande tilsyn med helsestasjonstenester for barn i alderen 0-6 år. Vi skulle undersøke om kommunane ved systematisk styring og leiing har lagt til rette for, gir tilbod til, følgjer med og om nødvendig forbetrar helsestasjonstenestene slik at barn i alderen 0-6 år får forsvarlege helsestasjonstenester. Vi førte tilsyn med fem kommunar, Askøy, Bergen, Fjell, Os og Stord.

I 2014 har vi bedt dei andre kommunane om sjølve å vurdere om helsestasjonstenestene er i samsvar med krav i helselovgjevinga. 27 av 28 kommunar har svara.

Svara gir oversikt over helsestasjonstilbodet til barn i alderen 0-6 år. Opplysningane er innhenta ved bruk av eit enkelte elektronisk spørjeskjema. Vi har også brukt opplysningar som går fram av KOSTRA-tal 2013. For enkelte av kommunane er det ikkje fullt samsvar mellom svar på spørsmål i vår kartlegging og opplysningar i KOSTRA. Vi vil på eigna måte kontakte enkelte av kommunane om dette.

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

Kopi med vedlegg til:  
Statens helsetilsyn    Postboks 8128 Dep    0032    OSLO